



Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om løyve til å byggje Fossdalen kraftverk i Gulen kommune

Vi viser til oversendinga 9.1.2017 med høyring av søknad om Fossdalen kraftverk.

Fylkesmannen vurderer at eit Fossdalen kraftverk, under gitte føresetnader, kan realiserast med akseptable konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv.

Bakgrunn	1
Miljøvern fagleg vurdering	1
Beredskapsfagleg vurdering	3
Landbruksfagleg vurdering	3
Fylkesmannen si tilråding	3

Bakgrunn

Fossdalen kraftverk er planlagt med inntak på kote 287 og avløp på kote 2, slukeevne på 263% av middelvassføringa. Ei utbygging vil redusere vassføringa på 1,0 km elvestrekning, og inntaksdam, rørygate, kraftstasjon og anleggsveg vil føre til naturinngrep. Energiutbyttet er estimert til 8,8 GWh/år, til ein utbyggingspris på 3,41 kr/kWh. Prosjektet kan bidra til å oppnå målet om å auke produksjonen av fornybar energi med 28,4 TWh i Noreg og Sverige. For lokalsamfunna vil ei utbygging ha positiv økonomisk verknad, på grunn av auka bygge- og anleggsaktivitet, og auka inntekter til grunneigarane og kommunen.

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg også vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta. Fylkesmannen har vidare eit sektoransvar innan beredskap og landbruk.

Miljøvern fagleg vurdering

Naturkartlegginga for Fossdalen kraftverk er basert på feltregistreringar 3. juni 2009. I miljørapporten er det omtalt to fossefall med funn av sjeldne mosar som er avgrensa som naturtypen «andre viktige førekomst». Desse er ikkje kvalifiserte som viktig naturtypelokalitet «fossesprøytzone», fordi vassføringa er for ustabil. I den nedre av fossefalla er det registrert flaummose (raudlista, nær truga – NT), ein art med klart vestleg utbreiing og som av Artsdatabanken «*anses å være truet av pågående småkraftutbygging*». Ifølgje miljørapporten er det lite tilgjengelig kunnskap om tåleevna til flaummose og andre fuktkevjande artar overfor redusert vassføring, reduserte flaumar og tørrare lokalklima. Det synest likevel klart at flaummose er sterkt fuktavhengig og veks på substrat som regelmessig vert dekt av vatn. Verknadsomfanget av ei utbygging av Fossdalselva er vurdert til «*middels negativt, med stor usikkerhet*».

Redusert vassføring etter ei utbygging vil også verte negativt for vasstilknytte fugleartar som fossekall og strandsnipe (begge på Bern liste II). For fossekall kan noko av skaden avbøtast ved å etablere hekkedassar nær elva, og i avløpskanalen frå kraftverket.

Ifølgje søknaden er det ikkje fisk i Fossdalselva eller i Stølsvatnet lengre oppe i vassdraget. Fossefallet nær utløpet i fjorden er vandringshinder for anadrom fisk. Førekost av ål er ikkje kjend frå vassdraget, og vi vurderer heller ikkje at elva er godt eigna som leveområde for ål.

Opplevinga av vassdrag og fossefall som renn naturleg er viktig for friluftsliv, lokal identitet og for turistar/reiseliv. Den øvre om lag halvdelen av utbyggingsstrekninga ligg i eit lokalt viktig friluftsområde som omfattar fjellområdet mellom Austgulfjorden og Sognefjorden. Det går ein sti frå sjøen og opp langs elva fram til planlagt inntak, men denne er mest brukt til hjortejakt. Utifrå omtalen i søknaden er opplevinga av fossefalla størst frå nærområdet ved elva, og i mindre grad i eit større landskapsrom ved fjorden. Foto i søknaden og flyfoto viser likevel at delar av elva er synlege frå Austgulfjorden og frå fv. 3 på sørsida av fjorden.

Inntaksområdet ser ut til å liggje relativt ope til, men installasjonane vil truleg til ei viss grad verte skjerma av vegetasjon. Røyrsgata på austsida av elva vil gå i til dels svært bratt terreng, og nokre stader er det planlagt støttemur for å få røyrret å liggje. Lausmassedekket er tynt, og det er også parti med bart fjell og steinur. Traseen vil etter ei utbygging verte ein ca. 4 m brei traktorveg som skal såast til, men som framleis vil vere synleg på avstand. Kraftstasjonen og kai vil verte nye inngrep ved fjorden, og det vil vere viktig at desse installasjonane vert godt tilpassa fjordlandskapet. Etter vår vurdering er det inngrepa knytte til rørgatetraseen som kan verte mest dominerande, og ein eventuell konsesjon må føresette at desse kan avgrensast til eit nivå som kan vere akseptabelt for småkraftutbygging. Dersom terrenget er så bratt at det må leggjast støttemur fleire plassar, kan det indikere at røyrsgate ikkje er ei god løysing, og at det bør vurderast eit alternativ med delar av vassvegen i tunnel.

Utbygginga er planlagd med slukeevne på 263% av middelvassføringa, og med minstevassføring på nivå med alminneleg lågvassføring. Dette er høg vassutnytting samanlikna mange småkraftverk som får konsesjon i dag. Tal døgn med vassføring større enn maksimal slukeevne er estimert til berre 31 døgn eit middels vått år og 20 døgn i eit tørt år. Elva vil oppretthalde lite naturleg dynamikk etter ei utbygging, og ha stabilt låg vassføring på minstevassføringsnivå mykje av året.

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «god økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12. Fossdalselva er per no i «dårleg tilstand» på grunn av forsuring, som er einaste registrerte påverknad. Forsuringssituasjonen vil ikkje verte endra av ei utbygging.

Etter vår vurdering vil den største negative konsekvensen for allmenne interesser ved ei utbygging vere redusert livsgrunnlag for ein nær truga vassavhengig moseart, og at det vil verte terrenginngrep i form av 1 km nedgrave røyrsgate og tilhøyrande anleggsveg.

For anleggsfasen viser vi til reglane i ureiningslova. Dersom anleggsfasen kan medføre spesielle ulemper for miljøet eller varer i lengre tid, må den ansvarlege søkje Fylkesmannen om utsleppsløyve (anleggskonsesjon).

Fylkesmannen er også generell styresmakt for støyutslepp frå industri med meir, og kan setje nærare krav etter ureiningslova. Det må leggjast vekt på støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen. Behovet for dette vil avhenge av nærleiken til næraste bustad, hytte eller næringsbygg. Støynivået må halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i

arealplanlegging», jf. punkt 3.1 «Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse» og punkt 3.3 «Retningslinjer ved etablering av ny støyende virksomhet».

Beredskapsfagleg vurdering

Fylkesmannen har berre gått summarisk gjennom beredskapsrelevante tema i søknaden, og vi kjem difor med ei generell tilbakemelding på konsesjonssøknaden.

I saker der det kan vere konflikt mellom kraftverk og drikkevassforsyning, vil vi tilrå at det vert sett krav om tilstrekkeleg dokumentasjon på at utbygginga ikkje vil føre til problem for vassforsyninga, før det vert gjeve konsesjon.

Vi legg til grunn at det i behandlinga av konsesjonssøknaden vert lagt vekt på å plassere tekniske installasjonar slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Landbruksfagleg vurdering

Ut frå konklusjonen i omtale og konsekvensutgreiing, vil ei utbygging i liten grad påverke landbruksinteressene i området. Røyrгатetraseen og vegframføringa vil i stor grad råke utmarksareal, der landbruksinteressene først og fremst er knytte til husdyrbeiting eller skogbruk. Vi merkar oss at det er eit plantefelt med gran på austsida av Fossdalselva. Fordelane av ei kraftutbygging for landbruksinteressene vil vere større enn eventuelle ulemper, då inntekter frå kraftproduksjonen kan styrke næringsgrunnlaget på landbrukseigedomane. Dette kan også ha ein positiv effekt for busetjinga i området. I den grad tiltaket krev at det må etablerast anleggsveg/vegtilkomst frå kraftstasjonen og fram til inntaket, rår vi til å leggje vegtraseen slik at han også har best mogleg nytteverdi til jord- og skogbruksføremål.

Fylkesmannen si tilråding

Fylkesmannen vurderer dei største negative konsekvensane ved ei utbygging til å vere redusert livsgrunnlag for ein nær truga moseart, og terrenginngrep knytt til røyrgate og tilhøyrande anleggsveg. Vi vurderer planlagd vassutnytting til å vere for stor til at det vil vere mogleg å avbøte skade som utbygginga vil få på den raudlista vassavhengige arten flaummose. Slukeevna bør reduserast til om lag 200% av middelvassføringa, og minstevassføringa om sommaren bør aukast til 5-persentilnivå.

Fylkesmannen vil, utifrå det som er sagt ovanfor, ikkje rå frå at det vert gjeve konsesjon til eit Fossdalen kraftverk, føreset at:

- slukeevna vert på om lag 200% av middelvassføringa, og minstevassføringa om sommaren vert auka til 5-persentilnivå
- inngrepa vert innafor det som er rekna som akseptabelt nivå for småkraftutbygging
- det vert stilt krav om god terrengtilpassing og tilstelling etterpå

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Gulen kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet